



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 12.06.2019  
**Møtestad:** Møterommet Børilden på kommunehuset  
**Møtetid:** 18:00 - 19:15

Det var orientering om ledsagerordninga (Monika Kvamme)  
Det var orientering om Recovery-prosjektet (Unn Iren Martinsen Tangedal)

Frammøtte medlemmer	Rolle
Atle D. Utkilen	Utvalsleiar
Monika Thorpe	Nestleiar
Elsa Skare	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Viggo Leirvåg	Medlem
Solbjørg Kari Sætre	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Hardy Pedersen	Varamedlem

---

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Einingsleiar pleie og omsorg Monika Kvamme, konstituert rådmann Olav Mongstad, leiar teknisk drift Rolf-Henning Myrmel, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø Asbjørn Nagell Toft, Unn Iren Martinsen Tangedal i Recovery-prosjektet og møtesekretær Ketil Tjore.

---

Austrheim 13. juni 2019

Atle Dag Utkilen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
006/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/19	Godkjenning av møteprotokoll
001/19	Orientering til RMNF om følgeordninga
009/19	Tilkomst til Idrettsparken og Årås skule
008/19	Orienteringssak

## **006/19: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **12.06.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådsleiar Atle Utkilen sa at han sakna to saker til møtet:

1. Folkehelse. Konstituert rådmann Olav Mongstad viste til at denne måtte utsettast, sidan Helge Dyrkolbotn som har hatt ein del av arbeidet med folkehelse no sluttar i kommunen.

2. Universell tilkomst til kommunale bygg. Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at denne saka var ferdig førebudd men ikkje utsendt. Saka kjem direkte i møtet.

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 006/19 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **007/19: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **12.06.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Det vart bedt om at møteprotokollen kom ut raskare etter møtet.  
Møtesekretær noterer seg dette.

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 007/19 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

---

## 001/19: Orientering til RMNF om følgjeordninga

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådet tar orienteringa til vitande.

### 12.06.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Denne saka var oppe også på møtet i rådet den 26. april.

Det vart i møtet 12. juni teke opp kvar det hadde vorte av brevet frå NFU, der dei på tampen av 2018 hadde spørsmål om kva følgjeordning ein har i kommunen. Elsa Skare hadde sjekka med forbundet at dette brevet var sendt til kommunen. Konstituert rådmann Olav Mongstad beklaga at dette har komme bort og ikkje er postført.

--

Leiar pleie og omsorg Monika Kvamme orienterte om følgjeordninga, primært det som kommunen gjer med sine brukarar anten det er støttekontakt/ fritidskontakt.

Kommunen har ikkje noko ledsagartilbod til dei som ikkje har eit tilbod frå kommunen, men ein har diskutert med Frivilligsentralen om det er mogleg å få til noko ved hjelp av frivillige.

Elsa Skare etterlyste at kommunen får utvida sitt tilbod til å omfatta ferie, med overnatting.

Monika Kvamme svara at dette er noko ein diskuterer, og det treng ikkje vera store ekstrakostnader om ein klarer å leiga ei hytte i nærmiljøet, evt Mikkelparken ol. Alle treng ikkje reisa til Syden, brukarane er gjerne glade for noko mindre enn det. Trur det er mogleg å få til noko, om ein set seg ned og diskuterer i lag.

Kommunen er oppteken av å få til ulike aktivitetar, anten det er padling her i Mastrevikane eller kanskje ein tur med rutebussen til Fedje. Det er viktig for brukarane å ha eit aktivt liv, vera med på ting som andre er med på, og oppleva meistring.

Elsa Skare spurte om status for folkehelsekoordinator.

Konstituert rådmann Olav Mongstad svara at ein no har hatt ei deling av dette arbeidet med 25 prosent stilling for Helge Dyrkolbotn og 15 prosent stilling for Anita Soltveit. Soltveit vil ta over hovuddelen av dette, og Asbjørn Toft skal ta det som har vore folkehelse i planarbeid, men omfanget av folkehelsearbeidet vil ikkje vera som før, no som det vert ei stilling mindre. Folkehelsearbeidet vert redusert framover samanlikna med kva det har vore.

Atle Utkilen viste til at den siste folkehelsemeldinga handlar om einsemd, og at dette er eit viktig tema framover. Det er viktig at fleire er med på ulike tilbod som er sikta inn mot einslege, for å redusera stigma rundt dette.

Monika Kvamme viste til at dette arbeidet mot einsemd er noko ein skal i gang med, for mellom anna å nå ut til dei i aldersgruppa 25-40 år. Ein ser at dette er ei aldersgruppe som kanskje slit ein del, og kommunen vurderer lågterskeltilbod der ein kan berre komma innom, utan press.

Olav Mongstad sa at det er mange tilbod ein har komme i gang med på Seniorsenteret, som har god oppslutnad, medan det også har vore starta tilbod der ein ikkje har hatt like mange med.

Handsaming i rådet:  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**RMNF - 001/19 VEDTAK:**

Rådet tar orienteringa til vitande.

---

**009/19: Tilkomst til Idrettsparken og Årås skule**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Følgjande framlegg frå leiar vert lagt fram til drøfting.



Vår ref

Deres ref

Dato

tilkomst\_austrheim\_idrettspark\_merknad\_rmf.docx

27.05.2019

## NOTAT

Sak: **Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark**

Austrheim Idrettslag har sendt brev til kommunen. Dei ynskjer at tilkomstvegen til idrettsparken skal vera open for tilkomst etter kl 1630. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til saka.

Trafikktilhøva ved Årås skule er ikkje tilfredstillande slik det har vore til no. Ekstra krevande har dette vore for rørslehemma. Vi er derfor glad for at kommunen tar problemet på alvor. Dette handlar tross alt om trafikktryggleik. Vi har ikkje nokon å mista. Vi vonar at trafikktryggleik også er fokuset når ein ser på tilkomsten til idrettsparken.

Det er lett å ha fokus på eigne særinteresser og å bagatalisera konsekvensar når ein ynskjer å oppnå noko. Idrettslaget har fokus på at det skal vera tilkomst heilt fram til idrettsparken. Vi har ingen problem med å forstå det ynskje. Vi vonar likevel at idrettslaget og dei dei representerar også vågar å sjå seg sjølv i speilet.

Vårt ynskje er at ein har med seg nokre refleksjonar, og vektlegg desse dei når ein tenkjer løysningar:

- Null toleranse på personskader – det vonar vi at alle kan vera samd om.
  - Kommunen er opptatt av trygg skuleveg – tilkomst til idrettsparken bør ha same fokus.
  - Kva gjer idrettslaget opp mot foreldre og andre vaksne med haldningar? Må ein alltid kjøre heilt fram til døra?
  - Opnar ein vegane slik dei er utforma i dag, uansett fartsdumpar, medfører dette risiko.
- Tilkomst først og fremst for dei som reelt treng det og nausynt transport.
  - Noko kan faktisk ikkje gå fram til anlegget, husk det.
  - Skal dei som ved Årås skule, slita med å finna seg ein plass?
- Kor stort/reelt er behovet for å måtte kjøre heilt fram, for kven og kvifor?
  - Det er snakk om 100 – 200 meter, slik det er planlagt.
    - Er det borna som ikkje kan gå
    - Er det oss vaksne/foreldra som ikkje orkar?
    - Tar vi skade av å gå? Er det berre fordi vi skal ha det litt makeleg?

Det er utarbeid godkjent detaljregulering/planending for området og med vedtekter. Godkjent plan opnar ikkje for fri kjøring inn til Idrettsparken. Det er berre opna for nausynt kjøring søraust for idrettshallen. Vi vonar at alle respekterer denne.

Vi stiller gjerne opp for å bidra til konstruktive løysingar. Vert det synfaring eller opning for avvik frå gjeldande plan, ynskjer vi å ta del, minimum verta høyringsinstans.

Atle Utkilen

## 12.06.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Han sa at det har vore ein grundig prosess med planlegginga av dette arealet, og at ein heldt seg til gjeldande plan ved å stenga for biltrafikk fram til idrettsparken.

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, Asbjørn Toft, peika på at dette er eit skuleområde på dagtid og leikepark/aktivitetsområde på kveld og i helgene. Skuleplassen ved Årås skule er i aktiv bruk nesten heile døgnet, og mykje brukt som rekreasjonsområde. Det vart gjort grundige vurderingar då Asplan Viak laga dagens plan, etter ein dialog med mellom andre Furuly og skulane. Kommunen laga den gong ny tilkomst til Furuly-bustadene, og fekk stengt gammal veg dit. Dette var ei løysing

som var bra for skulen og elevane, og for dei som skulle til og frå Furuly. Seinare kom også Ungdommens hus inn i dette området, med ytterlegare aktivitet.

Toft sa vidare at planen og føresegnene har bestemt at dette området skal vera stengt for alt anna enn handicapbilar og nyttekjøretøy, og dette vart i si tid vedteke samrøystes av kommunestyret. Idretten hadde sitt innspel då om at dei ønskte fri tilkomst, men fekk ikkje gjennomslag for det. Planen seier at besøkande skal parkera nede ved hallen, og gå opp. Om dette skal endrast, må det skje anten gjennom dispensasjon eller planendring, noko som Fylkesmann, Fylkeskommunen og Statens vegvesen må gje sitt syn på.

Myrmel viste til at området er planlagt etter tanken om hjartesoner, der det er meininga at foreldra skal parkera eit stykke unna, og elevane skal kunna gå trygt fram til skulen.

Monika Thorpe spurte kvifor ein ikkje brukar tilkomsten langsmed veggen på hallen.

Asbjørn Toft svara at tilkomsten forbi skulen/skuleplassen må brukast, då det er for uoversiktleg rundt hjørnet ved idrettshallen.

Hardy Pedersen sa at forbod mot kjøring til bana kan vera utfordrande for trenarar som brukar bilen til å frakta utstyr frå den eine bana til den andre. Men om slik bruk er innanfor dispensasjon som enkelte kan få, så er det OK.

Asbjørn Toft sa at dersom det er tale om 15 ballar og treningstøy så er det nyttekjøring, men om det er to ballar så er det ikkje nyttekjøring.

Hardy Pedersen sa at det kan sjå ut for at idrettslaget er den store stygge ulven her, men det er også andre brukarar som kjører til fotballbana. Dialogen mellom idrettslaget og kommunen har ikkje vore god, det må fleire ta kritikk for.

Toft svara at alle må retta seg etter det som er bestemt, og ikkje ta omattkampar. Det skal vera trygt å ferdast ved skulen, dette skal vera på born sine premisser. Administrasjonen held seg til det som er bestemt tidlegare. Ønskjer at det skal vera lagt til rette for å gå meir enn i dag.

Monika Thorpe spurte korleis trafikken skal stoppast.

Myrmel svara at formannskapet som skiltmynde har vedteke at rundkjøringa skal skiltast med innkjøring forbode, med dispensasjonar for handicap, bussar, og varelevering. Håpar at brukarane respekterer skiltinga, alternativet er at det vert sett opp bom, der trenarar kan låsa med same brikke som til hallen. Men med skilting og respekt for dette skal det ikkje vera problem med dette.

Olav Mongstad sa at han er forbausa over temperaturen i saka. Det er kalla inn til eit møte for ein del instansar internt, og deretter lagt opp til ein dialog med idrettslaget. Bom har vore diskutert, men korleis skal det praktiserast, kven skal ha kode og brikke?

Hardy Pedersen sa at det har skjedd ein del ting rundt idrettsparken sidan Asplan Viak la fram sin plan.

Atle Utkilen sa at ein må vera sikker på at dei som er funksjonshemma har tilkomst, at dei som har bruk for tilkomst får dette.

Hardy Pedersen var uroleg for kva som ville skje om det kjem bom, kva då med handicappa? Har meir tru på tydeleg skilting, og beskjed til dei som skal ha lov til å kjøra inn til bana.

Myrmel svara at det er OK å gje brikke til alle i kommunen med HC, men dette vil ikkje hjelpa gjester utanfrå. Det er OK at trenaren med bilen full i utstyr kjører opp, men ikkje alle andre.

Handsaming i rådet:  
Rådet tok dette som ei orienteringssak.

**RMNF - 009/19 VEDTAK:**

Rådet tok dette som ei orienteringssak.

---

**008/19: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**12.06.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Unn Iren Martinsen Tangedal orienterte om arbeidet med Recovery-prosjektet opp mot rus og psykiatri, der ho er tilsett i delstilling som prosjektleiar, medan Frank Vågenes er tilsett som erfaringskonsulent og jobbar opp mot Grønt Arbeid og brukarane der. Kommunen har sett på om ein kan utvida tilbodet til fleire innbyggjarar i kommunen, i samarbeid med Nav.

Brukarane er inne og snekrar, i tillegg til at dei no på sommaren er mykje ute og gjer vedlikehaldsarbeid. Legg også opp til andre aktivitetar, som turar, bruk av idrettshallen, og felles måltid kvar fredag. Ryddar stiar, grasklypping, arbeidet er også lagt opp som ein sosial aktivitet der dei har tid til å prata saman. Fleire har auka aktiviteten og er med fleire dagar enn tidlegare, og enkelte har komme så langt at dei tenkjer på moglegheiter for utdanning.

Monika Thorpe spurte om det var stort tilfang av brukarar. Unn Iren Martinsen Tangedal svara at det kan vera vanskeleg å driva med brukarar som kanskje klarer ein dag men ikkje den neste, men ser samstundes at det går betre for dei som først kjem innom tilbodet i Grønt Arbeid. Har sett på samarbeid på tvers av etatar, men det kan vera vanskeleg.

Tone Rugset spurte om det var etablert henteteneste. Tangedal svara at det ikkje er i gang så langt. Per no har ein fem brukarar, men samstundes to til som så langt ikkje har møtt. Tenkjer også på om ein kan utvida tilbodet opp mot til dømes unge uføre.

Olav Mongstad sa at dette skal vera eitt av kommunen sine tilbod til dei mellom 18 og 30 som skal ha eit aktivitetstilbod.

Monika Kvamme peika på at dette er eit lågterskeltilbod, det er viktig at ein ikkje aukar opp for mykje for tidleg.

Hardy Pedersen spurte om dei to som ikkje har møtt, kva som er bakgrunnen, og vert det teke direkte kontakt med dei. Tangedal svara at ho ikkje er direkte i kontakt med brukarane.

---

Universell tilkomst til kommunale bygg:

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om tilstanden for dei kommunale bygga:

- Austrheim kommunehus

Universell tilkomst.

Har automatisk dørøpnar til legekontor og servicekontor.

Har heis for tilkomst til 2 og 3 etg.

Handikaptoalett i 1 etg. Manglar automatisk dørøpnar.

Manglar automatisk dørøpnar frå servicekontoret for besøk til bibliotek.

Manglar ledemerking i golv og trapper.

Andre som skal opp i 2 og 3 etg skal ein hente i servicekontoret.

• Kystbarnehagen

Universell tilkomst.

Er tilrettelagt med heis, automatisk dørøpnar og ledemerking.

Handikaptoalett.

• Årås skule.

Bygg på eit plan, universell tilkomst.

Automatisk dørøpnar på hovudinngangar.

Handikaptoalett.

Manglar automatisk dørøpnar på klasserom.

Manglar ledemerking i golv.

• Klubbhus (idrettsparken)

Universell tilkomst.

• Ungdommens hus

Universell tilkomst.

Manglar automatisk dørøpnar.

• Idrettshall

Universell tilkomst.

Manglar automatisk dørøpnar

• Kaland barnehage.

Bygg på eit plan, universell tilkomst.

Manglar automatisk dørøpnar.

Manglar ledemerking i golv.

Manglar handikaptoalett.

• Kaland svømmehall.

Bygg på eit plan, universell tilkomst.

Automatisk dørøpnar på hovudinngang.

Handikaptoalett.

Manglar innvendig automatisk dørøpnarar. (Er tilrettelagt for det).

Manglar ledemerking i golv.

• Kaland skule.

Bygg på fleire plan. Ikkje universell tilrettelagt.

Trappeheis Kaland 2 er vurdert montert. Venter på tilbod.

Handikaptoalett Kaland 2 og i symjehall.

Plan for handikaptoalett ved hovudinngang

På Årås skule skal ein elles leggja fallmattar i staden for grus for å leggja betre til rette for ein elev der.

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**RMNF - 008/19 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---